



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Kjell Hegna, 5557 2321
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato
17.10.2014
Dykkar dato
30.06.2014

Vår referanse
2014/8500 561
Dykkar referanse
12/3082

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Fråsegn: Søknad om konsesjon for overføring frå Vaksdalsvassdraget i Vaksdal kommune til Herfangeren i Samnanger kommune og vidare til Svartavatn i Kvam herad i Hordaland

Fylkesmannen i Hordaland meiner at det omsøkte prosjektet i driftsfasen i liten grad påverkar naturmangfald som det er viktig å ta vare på. Landskap, friluftsliv og opplevingsverdi kan likevel bli uheldig påverka av utbygginga.

Dersom BKK får konsesjon, meiner Fylkesmannen at NVE må vurdere å krevje andre, mindre skjemmaende tiltak for å sikre dammane. Ein må vurdere å krevje større minstevassvassføringa frå Flatavatn til Fossavatn. NVE må også vurdere pålegging av reglar for slepping av vatn frå Fossavatn som kan gi ein meir optimal bruk av vatnet i vassdraget.

Vi viser til brev av 30. juni 2014 der NVE ber Fylkesmannen om å vurdere søknaden om konsesjon frå BKK Produksjon AS. BKK Produksjon AS har søkt om konsesjon for å overføre vatn frå Vaksdalsvassdraget i Vaksdal kommune til Herfangeren i Samnanger kommune, og derfrå vidare til Svartavatn i Kvam Herad for bruk i ei rekkje kraftverk ned mot Frøland i Samnangervassdraget. Etter avtale med NVE er svarfristen vår utsett til medio oktober 2014. Fylkesmannen deltok på sluttsynfaring i området 14. oktober 2014.

Tabellen på neste side gir eit oversyn over inngrep og påverknadar. Utbyggingsområdet er allereie påverka av dammar med reguleringshøgde. Fleire vatn som naturleg drenerte til Samnangervassdraget, drenerer nå til Vaksdal. Det er ikkje planlagt nye magasin, kraftverk, linjestrekningar, tunnelar eller vegar i samband med det omsøkte prosjektet. Overføringane omfattar eit nedbørfelt med areal på 3,7 km². Ein vil stort sett overføre vatnet naturleg til eksisterande bekkeinntak i Herfangsgjelet i Samnangervassdraget.

Tiltaka omfattar fjerning av to mindre dammar og opprustning /endring i HRV i 3 vatn/magasin som ikkje held tilstrekkeleg kvalitet etter gjeldande damtrygggleiksforskrift. I det omsøkte prosjektet er det ikkje meininga å regulere vatna. Ny HRV etter tiltak er såleis å rekne som nytt nivå på stabil vasstand i Smørtjørna, Klenavatnet og Flatavatnet.

Vassføringa i fleire bekker/elver vil bli endra. M.a. vil middelvassføringa i elva som renner frå Fossavatnet mot Herfindalen bli redusert med 60 % i Fossen øvst i dalføret.

Prosjektdata	Tilhøva i dag	Tilhøva etter tiltak
Produksjon (GWh/år)	~*	18*
Utbyggingskostnad (mill. NOK)	~*	22
Utbyggingspris (NOK/kWh)	~*	1,2
Smørtjørna HRV/LRV (moh)**	749/743	747 (ikkje regulering)**
Klenavatnet HRV/LRV (moh)**	725/720	722 (ikkje regulering)**
Flatavatnet HRV/LRV (moh)**	720/711	717 (ikkje regulering)**
Vassføring bekk Smørtjørna-Kjerringatjørn		Redusert
Vassføring bekk Kjerringatjørn-Fossvatnet		Redusert
Elv frå Flatavatn til Fossvatn 1.5-30.9	Ikkje krav til minstevassføring	Q ₉₅ (24 l/s)
Vassføring elv Fossvatnet-fjorden (Herfindalen)		Redusert***
Kunstig vassveg (m) (røyr/ kanal)		230
Overskotsmasse (1000 m ³)		0
Vegbygging (m)		0
Nettilknytning (m)		0
INON-reduksjon (km ²)		0

*Vatnet blir i dag nytta i eksisterande kraftverk. Sannsynleg produksjonstap på 3-4 GWh i desse kraftverka ikkje trukke frå dei 18 GWh

**Omtrentlege tal. Tiltakshavar meiner at HRV må reduserast uavhengig av om prosjektet får konsesjon. HRV etter tiltak er å rekne som nytt nivå på stabil vasstand, utan regulering.

***Redusert med frå 60% (Fossen) til 11% (fjorden), men verknaden er avhengig av korleis eksisterande regulering av Fossvatnet blir praktisert. Denne reguleringa har ikkje konsesjon, og dermed heller ikkje vilkår.

Våre merknader under er avgrensa til det som påverkar våre konklusjonar. Vi legg vekt på naturmiljø og vurderingar etter §§ 8 til 12 i naturmangfaldlova. Det er Hordaland fylkeskommune som skal gje vurderingar av påverknad på innlandsfisk.

Fylkesmannens vurdering av kunnskapsgrunnlaget

Etter § 8 skal offentlege vedtak som påverkar naturmangfaldet bygge på vitskapleg kunnskap om tilstand og effekt av påverknadane ved inngrep.

Konsesjonssøknaden med tilhøyrande rapport om biologisk mangfald er grundig på dette temaet. Det einaste som manglar er ei vurdering av korleis vasskvaliteten i det overførte vatnet frå Vaksdalsvassdraget kan påverka tilhøva for laks og sjøaure i Samnangervassdraget. Dette vassdraget er allereie truga av forsuring. Tiltakshavar må framskaffe ei vurdering av desse tilhøva.

Vurdering av påverknad på landskap, friluftsliv og opplevingsverdi er mindre grundig belyst. Fylkesmannen vurderer det likevel slik at § 8 i naturmangfaldlova er oppfylt fordi kunnskap om desse verdiane er godt skildra i *Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021*.

Fylkesmannen meiner også at kravet i § 10 om ei analyse av sumverknader er oppfylt i store trekk. Det hadde likevel vore ønskeleg med ei meir grundig vurdering av korleis den eksisterande reguleringa av Fossvatnet verkar saman med minstevassføringa frå Flatavatnet på vassføringa i Herfindalen. Dette er nærmare forklart under.

Kort om prosjektet og påverknader

I konsesjonssøknaden er konsekvensane av utbygginga under driftsfasen vurdert som ingen, ubetydeleg eller liten negativ på ulike potensielle konfliktområde. I anleggsfasen kan utbygginga få store negative konsekvensar for hekkande hubro, som er ein raudlista fugleart. Søkjar foreslår her å ikkje starte anleggsarbeidet før hekkinga er ferdig.

Av omsyn til damtryggleiken vil tiltakshavar senke øvste vasstand i Smørtjørna, Klenavatnet og Flatavatnet. Tiltakshavar meiner at dette er den best måten å sikre dammane på, ei sikring som ein etter deira syn må gjøre uansett. Tiltakshavar vil utføre avbøtande tiltak for at dette skal få minst mogleg negative konsekvensar for opplevingsverdien i området.

Det er særleg like nedanfor Fossavatnet at ein vil merke ei redusert vassføring ved overføringa til Samnangervassdraget. Gjennomsnittleg vassføring vil bli redusert med opptil 60 % mellom Fossavatnet og fjorden. Dette vil mellom anna råde Fossen, som er eit landemerke i Herfindalen. Tiltakshavar forventar ikkje at dette skal bli skjemma for landskapet, og hevdar at det er utøvinga av den eksisterande reguleringa som framleis vil bety mest for vassføringa i Fossen. Denne eksisterande reguleringa er det ikkje BKK som er/ blir ansvarleg for.

Fylkesmannens vurdering av prosjektet

Fylkesmannen er samd i vurderingane i konsesjonssøknaden om korleis prosjektet vil påverke biologisk mangfald.

Vi meiner likevel at konsesjonssøknaden undervurderer dei negative verknadene for landskap, friluftsliv og opplevingsverdi. Delar av det området som blir påverka, er i *Fylkesdelplan for småkraftverk i Hordaland 2009-2021* vurdert som sårbart høgfjellsområde av stor og middels verdi. Det påverka området er i same plan vurdert som regionalt friluftsområde av middels verdi. Området er dessutan innfallsport til regionalt friluftsområde av stor regional verdi. Fylkesmannen vil difor kommentere nærmare korleis tiltaket vil påverka damområda øvst i vassdraget og vassføringa nedstraums Fossavatnet.

Damområda

Smørtjørna, Klenavtnet og Flatavatnet er alle gamle reguleringsmagasin med definerte LRV og HRV. I det omsøkte prosjektet vil reguleringa falle bort, samstundes som ein ønskjer å redusere vassnivået (tidlegare HRV) i magasinane med nokre meter for å oppfylle dei nye krava til damtryggleik. Tiltakshavar meiner at HRV må reduserast uansett om det omsøkte tiltaket blir gjennomført eller ikkje. Det er planen å dekke til den blottlagde strandsona.

Fylkesmannen meiner at bortfallet av reguleringa vil være ein føremon for landskap, friluftsliv og opplevingsverdi. NVE må likevel vurdere om det finns andre, mindre skjemma tekniske løysingar for å oppfylle dei nye krava til damtryggleik.

Vassføringa nedstraums Fossavatnet

Elvestrekninga nedanfor Fossavatnet har store landskapskvalitetar, der ikkje minst Fossen og Lonane er svært viktige. Det er i dag ikkje krav om minstevassføring i vassdraget, sjølv om utsleppet frå Fossavatnet allereie blir regulert i samband med drifta av eksisterande kraftverk lengre nede i vassdraget. Reguleringsordninga i dette vatnet er av eldre dato, og er ikkje styrt av konsesjon med vilkår.

Det omsøkte prosjektet vil redusere vassføringa i Fossen og Lonane med så mykje som 40-60%. Fylkesmannen meiner at NVE må vurdere å auka kravet til minstevassføring i elva frå Flatevatn til Fossavatnet i det omsøkte prosjektet. Ein må også vurdere om det er føremålstenleg å starte konsesjonsprosess for den gamle reguleringa for å få eit vassleppingsregime nedstraums Fossavatn som gir eit optimalt kompromiss mellom vassføring og kraftproduksjon i eksisterande og omsøkt kraftproduksjon.

Konklusjon

Fylkesmannen i Hordaland meiner at det omsøkte prosjektet i driftsfasen i liten grad påverkar naturmangfald som det er viktig å ta vare på. Landskap, friluftsliv og opplevingsverdi kan likevel bli uheldig påverka av utbygginga.

Dersom BKK får konsesjon, meiner Fylkesmannen at NVE må vurdere å krevje andre,

mindre skjemmande tiltak for å sikre dammane. NVE må vurdere å auke minstevassføringa frå Flatavatn til Fossavatn. NVE må også vurdere pålegging av reglar for slepping av vatn frå Fossavatn som kan gi ei meir optimal bruk av vatnet til landskapsformål i Herfindalen.

I anleggsfasen må ein legge opp arbeidet så ein ikkje skadar raudlistearta fugl (hubro) i området.

Med helsing

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Kjell Hegna
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

BKK Produksjon AS	Postboks 7050	5020	Bergen
Vaksdal kommune	Konsul Jebsengt. 16	5722	Dalekvam
Samanger kommune	Tyssevegen 217	5650	Tysse
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	Norheimsund
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	Trondheim
Norsk Grønnkraft AS	Postboks 4270 Nydalen	0401	Oslo